

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 05.09.2017

Elizabeth Toft Erichsen (V) sette fram fylgjande forslag:

«Ny innstilling:

Flytte tekst frå «forslag til høyringsuttale» opp under «forslag til vedtak.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Ericson sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Forslag til høyringsuttale vert vedteke slik det kjem fram av saka.

Hordaland fylkeskommune er godt nøgd med departementet sitt forslag til ny fagskulelov, som i større grad tydeleggjer ansvar og roller i høve til drift og leining av fagskulane. Vidare er det svært positivt at lova blir meir lik Universitets- og høgskulelova i høve til språkbruk og studentane sine rettar. Hordaland fylkeskommune støttar i hovudsak forslag til ny fagskulelov, men med nokre kommentarar.

Kapittel 3. Organisering av fagskolen, § 11 Administrativ og faglig ledelse første ledd

Det er bra at rektor si rolle vert definert i den nye fagskulelova, men for fylkeskommunar kan det vere uklart om tilsetjing av rektor ved fagskulen (spesielt ved kombinert fagskule og vidaregåande skule) kan delegerast til fylkesadministrasjonen. Hordaland fylkeskommune føreslår derfor at § 11 første ledd, andre setning vert endra som følgjer;

Departementet sitt forslag:

§ 11 Administrativ og faglig ledelse

(1) Fagskolen skal ha en rektor. Styret skal tilsette rektor ved fagskolen. Ansettelsesprosessen skal sikre at skolen får en rektor som har nødvendig fag- og lederkompetanse, og at studentene og de ansatte blir hørt.

Hordaland fylkeskommune sitt forslag:

§ 11 Administrativ og faglig ledelse

(1) Fagskolen skal ha en rektor. Styret selv skal tilsette rektor ved fagskolen. Ansettelsesprosessen skal sikre at skolen får en rektor som har nødvendig fag- og lederkompetanse, og at studentene og de ansatte blir hørt.

Hordaland fylkeskommune legg til grunn at departementet meiner at styret sjølv skal tilsette rektor, og det bør derfor også kome klart fram av lovteksten.

Studiepoeng

I den nye fagskulelova skal fagskulepoeng erstattast med studiepoeng jf. vedtak i stortingsmeldinga om fagskuleutdanning. Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på om tidlegare studentar som får skrive ut nytt vitnemål, bør få omgjort fagskulepoeng til studiepoeng. Hordaland fylkeskommune meiner at endringa frå fagskulepoeng til studiepoeng bør ha tilbakeverkande kraft slik at studentar som tidlegare har fått fagskulepoeng, også skal kunne ha nytte av denne endringa. Dette kan bidra til at næringslivet og andre i samfunnet enklare forstår omfanget og nivåplasseringa av utdanningane.

Gradstildeling

Både Stortinget og departementet har gjeve sin tilslutnad til at fagskuleutdanningar som er på 60 studiepoeng eller meir, skal gje ein gradstittel, og departementet føreslår at gradstittelen «fagskulekandidat» vert nytta. Departementet ber likevel om høyringsinstansane sitt syn på dette. Hordaland fylkeskommune meiner at gradstittelen «fagskulekandidat» er dekkjande i høve til dagens omgrep på skuleslaget, men i høve til diskusjonen om omgrepet fagskule er eit namn som gjev assosiasjonar til yrkesutdanning i vidaregåande skule, og endringa av fagskuleutdanning til høgare yrkesfagleg utdanning, bør det vurderast om det vil vere føremålstenleg å endre namn på både skuleslaget og gradstittelen.

Tilknytning til studentsamskipnad

Hordaland fylkeskommune støttar endringar i studentsamskipnadslova og meiner det er riktig at fagskulane skal ha fullverdig tilknytning utan særleg tilpassing. Departementet ber høyringsinstansane om å vurdere om fagskulane skal ha ei lovfesta plikt eller berre rett til å vere medlem i ein studentsamskipnad, og Hordaland fylkeskommune meiner at fagskulane bør ha ei lovfesta plikt til å vere medlem på lik line med andre høgare utdanningsinstitusjonar.